



Utval:	<b>Kommunestyret</b>
Møtestad:	, Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	10.07.2008
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

**SAKSLISTE**

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkivsaknr</b>
PS 08/42	Underskrift	
PS 08/43	Godkjenning av protokoll	
PS 08/44	Tilsetting av rådmann (ettersendast måndag 07.07.08)	2008/358
PS 08/45	Krav om gjenopptakelse av skulesaka	2008/140
PS 08/46	Biblioteklokale	2007/756

Midsund, 04.07.08

Helge Orten  
ordfører

Arna Drønnesund  
sekretær

**PS 08/42 Underskrift**

**PS 08/43 Godkjenning av protokoll**



**Midsund kommune**  
Personalkontoret

Arkivsak: 2008/358-2  
Arkiv: 411  
Saksbeh: Frank Westad  
Dato: 04.07.2008

**Saksframlegg**

**Tilsetting av rådmann**

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/44	Kommunestyret	10.07.2008

**Forslag til vedtak:**

Kommunestyret ber om at stillinga blir lyst ut på nytt.

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

Det følger av kommuneloven § 22 nr 2 at det er kommunestyret som tilsetter rådmann. Kommunestyret vedtok 3. april å gi ordfører i oppdrag å opprette et tilsettingsutvalg med mandat å foreta intervju, vurdering og fremme innstilling til kommunestyret.

Tilsettingsutvalget har vært sammensatt slik: ordfører Helge Orten, varaordfører Magne Reiten, HTV for Utdanningsforbundet Gunn Lech og personalsjef Frank Westad.

Stillinga ble lyst ut i to omganger. Fire søkere totalt. To av søkerne ble innkalt til intervju. To søkere har trukket sin søknad. Vi står dermed igjen med følgende søkere:

Navn	Alder	Stilling/yrke	Bustadkommune
Gunnar Kvalsund	53	Daglig leder	Giske
Oddrun Godejord	50	Avdelingsleder	Meløy

Tilsettingssaka er unntatt offentlighet.

**Saksgang:**

23.04.	Møte i tilsettingsutvalget
28.05.	Møte i tilsettingsutvalget
10.06.	Møte i tilsettingsutvalget
12.06.	Intervju av to søkere
13./16.06.	Referanseinnhenting
17.06.	Møte i tilsettingsutvalget
17.6.	Orientering til gruppeledere
25.6.	2. gangs intervju sammen med gruppeledere
2.7	Møte tilsettingsutvalget
07.07	Møte tilsettingsutvalget

**Vurdering:**

Tilsettingsutvalget vil gi en nærmere vurdering i kommunestyremøte 10.07.08.

Frank Westad  
Personalsjef

**Vedlegg (prenta):**

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2008/140-11  
Arkiv: A20  
Saksbeh: Gunnar Kvalsund  
Dato: 04.07.2008

**Saksframlegg**

**Krav om gjenopptakelse av skulesaka**

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/45	Kommunestyret	10.07.2008

**Forslag til vedtak:**

1. Kommunelova § 39a omfattar ikkje rett til å ta ei sak opp til ny handsaming innafor same valperiode, jf. § 39a, nr. 3 punkt b).
2. Sak om samanslåing av 1-4 årstrinn på ein skule, handsama i kommunestyret i sak nr 16/08 den 03.04.2008, vert ikkje tatt opp til ny handsaming.

**Saksutgreiing:**

Kommunen ved ordførar har mottatt underskrifter frå 308 av kommunen sine innbyggjarar der dei krev å få vurdert skulesaka tatt opp til ny behandling i formannskap/kommunestyre før fellesferien. Initiativet er tatt av Tove Raknes og Solbjørg Godø, på vegne av foreldre med elevar i småskulen. Bakgrunnen for underskriftskampanjen er basert på at ein meiner det i etterkant av vedtak i kommunestyret om nedlegging av Midøy skule, er kome nye opplysningar i saka, som dei meiner er mangelfulle og kritikkverdige. Vedlagt følgjer kopi av grunnlag for underskriftskampanjen, samt overleveringsbrev signert initiativtakarane. Vedlagt følgjer også det svar som rådmannen har gitt foreldre i ein oversendt epost med spørsmål til rådmann og rektor ved Raknes skule.

Kommunelova har reglar om innbyggjarinitiativ, om korleis innbyggjarane kan få reist ei sak til handsaming i kommunestyre eller fylkesting. Kommunelova § 39a lyder slik:

### § 39a. Innbyggerinitiativ

1. Innbyggerne i kommunen eller fylket kan fremme forslag som gjelder kommunens eller fylkeskommunenes virksomhet. Kommunestyret<sup>1</sup> eller fylkestinget<sup>1</sup> plikter selv å ta stilling til forslaget dersom minst 2 prosent av innbyggerne står bak forslaget. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkelig.
2. Kommunestyret eller fylkestinget skal ta stilling til forslaget senest 6 måneder etter at det er fremmet. Tidsfristen gjelder ikke dersom forslaget henvises til behandling i forbindelse med pågående plansak etter plan- og [bygningsloven](#). Initiativtakerne skal informeres om de avgjørelser som treffes og de tiltak som gjennomføres som følge av forslaget.
3. I samme valgperiode kan det ikke fremmes forslag dersom dette har
  - a) samme innhold som et tidligere forslag fremmet etter denne bestemmelse, eller
  - b) samme innhold som en sak som er behandlet av kommunestyret eller fylkestinget i løpet av valgperioden.
4. Et forslag som er fremmet etter reglene i denne paragraf og som blir nedstemt i kommunestyret eller fylkestinget, kan ikke påklages med mindre dette følger av andre regler.

#### Frå lovforarbeida:

Ot.prp.nr.96 (2005-2006), om endringslov til kommunelova, omtalar ordninga med innbyggjarinitiativ i kapittel 7. I innleiinga, kapittel 7.1, andre avsnitt vert formålet med ordninga forklart slik:

”Formålet med innbyggerinitiativ er at innbyggerne i en kommune eller et fylke skal ha mulighet til å sette nye saker på den politiske dagsorden i kommunen eller fylket. Initiativretten er ikke ment som en adgang for innbyggerne til å pålegge kommunestyret/fylkestinget å ta en avgjort sak opp til ny vurdering, for eksempel fordi de er misfornøyde med utfallet av den politiske behandlingen.”

#### **Vurdering:**

Rådmannen viser til den informasjon som er gitt til dei spørsmåla som er reist, både gjennom utgreiingsarbeidet, tidlegare handsamingar i kommunestyret og i svar til ”foreldre”.

Initiativtakarane har krev å ta opp att ei sak som er handsama av kommunestyret tidlegare i valperioden. Rådmannen forstår dette slik at det er den same saka dei ynskjer ny handsaming av. Dette initiativet er etter rådmannen sin oppfatning ikkje i tråd med vilkåra i § 39a, nr. 3 bokstav b).

Både ut frå ordlyden i lovteksten, og den forklaring som er gitt i lovforarbeida, gjeld ikkje reglane om innbyggjarinitiativ i denne konkrete saka.

Gunnar Kvalsund  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):**

Kopi av forside underskriftsliste 1, 2 og 3.

Kopi av svar til foreldre med barn ved Midøy skule.

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2007/756-8  
Arkiv:  
Saksbeh: Gunnar Kvalsund  
Dato: 03.07.2008

**Saksframlegg**

**Biblioteklokale**

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/46	Kommunestyret	10.07.2008

**Forslag til vedtak:**

*Med bakgrunn i innspel frå Midsund idrettslag ynskjer Midsund kommune å ta imot tilbodet frå idrettslaget på husleige på kr 30.000.- for siste halvåret og halde biblioteket opent inntil ein har fått avklart ei ny løysing for drift av biblioteket. Biblioteket blir samtidig pålagt å gjere innsparingar i budsjettet for 2008 på kr 20.000.- I høve til kommunestyrevedtak av 19.06.2008 utgår pkt 1, men der pkt 2 fortsatt er gjeldane.*

**Saksutgreiing:**

*Vi viser til tidligere saksutredning i denne saka, der det i siste kommunestyremøte vart fatta vedtak om å avslutte leigeforholdet med MIL frå 30.6.08 og stenge biblioteket midlertidig, inntil utredning om ei tilknytning til Midsund skule er gjennomført og eit eventuelt nytt vedtak blir fattet.*

*Det er no kome eit innspel frå MIL, der idrettslaget tilbyr kommunen å fortsette leigetilhøvet ut året for ein sum av kr 30.000.- (sjå vedlagte mail fra MIL) Tilbodet er gitt under forutsetning av at kommunen avklarar innan 1. oktober om interesse for fortsatt leige og i høve til dei tilbod som kommunen tidligere har fått fremlagt på leige av noverande areal eller eit areal tilsvarande 150 m2.*

*Med bakgrunn i vedtak i siste kommunestyremøte er biblioteket no stengt fram til 10. juli, og der ein avviklar ferie/avspasering. Planlegging for stenging og flytting frå lokalitetane er også gjennomført, men er sett på vent inntil handsaming av innspel frå idrettslaget.*

### **Økonomiske/administrative konsekvenser**

*I budsjettet til kommunen er det avsatt kr 50.000.- til husleie for 2008. Avtalen som vart inngått mellom kommunen og MIL for leige i tidsrommet 1/1-08 og 30.6.08 gir ei husleie på kr 90.000.-, dvs ein overskridelse i høve til budsjettposten på kr 40.000.- Ei ny avtaleperiode ut året med en leie på kr 30.000.- vil utgjere totalt kr 70.000.- i overskridelse av denne budsjettposten.*

*I høve til innsparinger med fortsatt drift ut året, så vil drifts- og administrative kostnader løpe. Det er forholdsvis lite å gjere i høve til innsparingar, då dei store kostnadane i eit frå før nedskjært budsjett er postane husleie, strøm og lønn (50% stilling). Etter gjennomgang med leiar av biblioteket er det likevel sett muligheter på en innsparing på kr 20.000.- og som blir sett som målsetting ved fortsatt drift ut året.*

*Rådmann har også sett på mulighetene for å skjære ned på åpningstidene og flytte på leiaren over i ei annen stilling i skulen i samband med biblioteksarbeide, men finner ikkje noko løysningar her som vil gi straksinnsparing, eller gir mulighet for å halde biblioteket åpent og i drift.*

### **Vurdering:**

*Vi trur at dei fleste i kommunen ser verdien av eit bibliotek og ønsker å halde dette opent. Samtidig ser ein behovet for å gjere innsparingar i høve til budsjett og regnskap for 2008 – derav siste vedtaket i kommunestyret. Når idrettslaget kjem med det innspel at dei vil gi kommunen den håndrekning det er å sette husleigebeløpet til kr 30.000.- for siste halvår av 2008 så er dette eit tilbod som rådmann finn vanskelig å ikke tilrå. Dette sett opp i mot dei utfordringar det no ville være å iverksette nedpakking og bortstuing av bøker på kort tid og utan å få planlegge og gi mulighet til fortsatt bruk av den kunnskapsbase som biblioteket utgjer for m.a. skulen. Ei fortsatt drift ut året ville gi åpning for å gjere utredningsarbeidet for ei framtidig løysing for biblioteket, samtidig som biblioteket er åpnet og ein kan planlegge drifta utifra vedtak som skal gjerast over sommarferien.*

Gunnar Kvalsund  
rådmann

**Vedlegg (prenta):** Kopi av mail frå Midsund Idrettslag v/leiar Kåre Bjørnerem, dat. 29.06.08.

**Vedlegg (uprenta):** Mappe

**Særutskrift går til:**

Vedlegg:

Kopi av mail frå Midsund Idrettslag v/leiar Kåre Bjørnerem, datert 29. juni 2008

Hei,

Midsund Idrettslag (MIL) har hatt styremøte i dag der saken om utleie av bibliotek ble behandlet.

Mil er forundret over at kommunestyret vedtok stenging av biblioteket i sist kommunestyremøte og vi ser på dette som ei så negativ utvikling for Midsund at vi vil komme med et utspill i håp om å få kommunestyret til å snu i denne saka og dermed likevel ha åpent bibliotek fremover.

MIL vi derfor gi kommunen et tilbud på leie av dagens biblioteklokale på 300 m2 for Kr. 30.000,- for resten av året 2008. Dette er en pris pr/m2 på bare kr 100,-

En forutsetning for at vi vil gi kommunene dette tilbudet, er at det vil bli avklart innen 1. oktober 2008 om hvordan leieforholdet blir mellom kommunen og MIL om leie av biblioteklokaler etter 01.01.2009. Dette er nødvendig for at vi skal kunne planlegge videre utnyttelse av våre lokaler i Midsundhallen fremover.

MIL står fortsatt ved det tilbudet vi har gitt kommunen om utleie av ca. 150 m2 av dagens biblioteklokale som da vil bli aktuelt fra 01.01.2009. Pris her er som tidligere sagt kr 600 pr/m2, men vi må se på denne prisen i sammenheng med strømutfgifter for lokalene og ombyggingskostnader for å flytte delingsvegg og innsetting av ny ytterdør.

Dette leieforholdet ser vi for oss fram til det foreligger ei utbygging av Midsund skole der biblioteklokaler er inkludert slik kommunen har signalisert.

Håper dette sjenerøse tilbudet frå Midsund idrettslag kan bidra til at vi fortsatt har bibliotek i Midsund etter 1. juli 2008 og at det ikke blir stengt fra denne dato.

Midsund Idrettslag  
v/Kåre Bjørnerem